

Informasjon til føresette og barn/ungdommar om Ungdata-undersøkinga

I år blir Ungdata-undersøkinga gjennomført på skulen til barnet ditt. Alle elevane på skulen og i kommunen er inviterte til å delta i undersøkinga. Føremålet er at undersøkinga skal gje eit godt bilete av korleis barn og unge i kommunen har det. Undersøkinga går føre seg på skulen i løpet av vårhalvåret.

FØREMÅLET MED UNDERSØKINGA

- Gje barn og unge ei moglegheit til å fortelje lokale politikarar og styresmakter om korleis det er å vekse opp i kommunen.
- Skaffe ny kunnskap om barn og unge sine oppvekstvilkår til bruk i kommunen sitt arbeid med denne aldersgruppa.
- Gjere det mogleg å samanlikne kommunen med andre kommunar og nasjonale tal, og bidra til forskning.

KVA VI SPØR OM I UNGDATA

- Forhold til skulen, venner og foreldre
- Fritid og fritidsaktivitetar
- Mediebruk
- Helse, trivsel og livskvalitet
- Mobbing

På ungdomstrinnet spør vi òg om:

- Regelbrot, vald og rus
- Utdanningsnivået til foreldra

KORLEIS BLIR UNGDATA GJENNOMFØRT?

- Det er sett av éin skuletime til å svare på undersøkinga.
- Undersøkinga blir gjennomført elektronisk ved at ein loggar seg inn på svarsida til Ungdata med ein tilfeldig eingongskode.
- Elevane svarer ved å krysse av i spørjeskjemaet. Det er mogleg å få spørsmåla i spørjeskjemaet lesne opp. Dei som brukar denne funksjonen, skal bruke øyreteléfonoar eller øyreproppar.

PERSONVERN

- Undersøkinga er anonym, så det er ikkje mogleg å identifisere enkeltpersonar ut frå dei innsamla dataa.
- Det vil ikkje vere mogleg å kjenne att enkeltpersonar når resultatata frå undersøkinga blir offentleggjorde.

SAMTYKKE FRÅ FØRESETTE

- Det er du som føresett til ein ungdom under 18 år, som bestemmer om barnet ditt skal delta i undersøkinga eller ikkje.
- Dersom du ønskjer at barnet ditt skal delta, treng du ikkje å gjere noko som helst.
- Dersom du ikkje ønskjer at barnet ditt skal delta, må du gje melding om dette til kontaktlæraren/skulen før undersøkinga startar.

DET ER FRIVILLIG Å DELTA

- Undersøkinga er frivillig.
- Elevane kan hoppe over spørsmål dei ikkje ønskjer å svare på, eller slutte å svare undervegs dersom dei ønskjer det.

BEREDSKAP

Skulehelsetenesta vil vere klar med beredskap etter undersøkinga for elevar som måtte trenge det.

Eleven kan ta kontakt med helsesjukepleiaren, sosiallæraren eller Kors på halsen, som er Raudekrossen si hjelpeteneste for barn og ungdom.

Heimesida til Kors på halsen:
www.korspahalsen.no

KVEN HAR ANSVARET FOR UNGDATA?

Undersøkinga blir gjennomført av Velferdsforskningsinstituttet NOVA ved OsloMet – storbyuniversitetet og det regionale kompetansesenteret på rusfeltet (KORUS) på oppdrag frå kommunen.

HAR DU SPØRSMÅL?

Ta kontakt med skulen eller ditt regionale KORUS for meir informasjon om undersøkinga.

Dersom du ønskjer å få ein norsk eller engelsk versjon av spørjeskjemaet, kan du ta kontakt med KORUS.